



Referat møte i Team Hardanger (TH)

Onsdag 14.06.2024, Nye heradsstyresalen i Ulvik

Møtte: Mona Hellesnes, Jan Tjosås, Randi Rykkje digitalt til kl 1200), Lisbeth B. Celik, Trude Rinaldo

Avbudsmedlemmer: Andreas Skogseth, Sofie Torlei Olsen, Linda V.M. Præstiin, Sveinung Føllesdal,

Sakliste

1. Rekruttering i Hardanger og Voss

Status prosjektet ved Mona:

Tilbod på nettløysing er forespurt. Ventar på svar frå Framtidsfylke.

Statusrapport på prosjektet vert sendt ut mandag 17.06.2024 frå prosjektleiar.

Viktige innspel frå kvar kommune på bulyst.

Amanda er hovudkontakt mot Fjernarbeid og Rekrutteringsprosjektet. Må vere tema på fellesmøte med NORCE i august korleis desse prosjekta kan koplast på kvarandre?

2. Bustad og bulyst - delprosjekt i rekrutteringsprosjektet.

Oppsummert etter drøftinga er dette konkrete tiltak å starta med:

1. Lys i gamle hus
2. Bustadbygging og entreprenør som er interessert i byggeprosjekt i heile Hardanger.
3. Kartlegging og sjå korleis ein kan nå ungdom som kan ha interesse i å flytta til regionen.

Korleis arbeida med barrierar i forhold til å flytta til bygda?

Korleis skal me marknadsføra oss som ein attraktiv region?

3. "Arbeidsstad: Der du vil! Auka bruk av fjernarbeid og moglegheiter for Hardangerregionen

Fjernarbeid er endå umodent, men har eit enormt potensiale både for Hardanger og alle regionar. Fjernarbeidsplassar kan gje kompetanse og kompetansearbeidsplassar til distriktsnorge. I tillegg er det mellom anna berekraftig, transportvenleg og arealsparande. Prosjektet er no på eit kritisk punkt med mykje kunnskap som ikkje endå er omsett konkret i kommunane. Prosjektet må finna ein arbeidsmetode framover som gjer det meir operativt. Derfor ønskjer prosjektet Team Hardanger til operativt team på vegne av Hardangerkommunane. Prosjektleiar ser føre seg eit parallelt løp, der ein arbeider med konkrete tiltak, medan forskning pågår.

Vedtak :

Team Hardanger ser på dette prosjektet som svært nyttig og som del av pågående fellesprosjekt "Rekruttering i Hardanger".

På oppdrag frå rådmenna kan dei kommunale representantane i Team Hardanger vera operativ eining.

Team Hardanger, NORCE og rekrutteringsprosjektet vert kalla inn til møte i august 2024.

4. Status frå kvar kommune, næringshagane og Hardangerrådet

Hardanger og Voss Næringshage

Er i rekrutteringsfase av ny forretningsutviklar.

Resertifisering Berekraftig Reisemål for Voss

Arbeider fortsatt med å få gevinst av samanslåinga mellom Hardanger og Voss

Kvam herad

Kommunalt overforbruk gjer at det no er innsparing i heradet.

Det pågår ein diskusjon om å nytta den gamle gymnasbygningen i Øystese med føremål å husa Øystese barneskule, medan den vert renovert og oppgradert.

Forslaget til tunnelinn- /utslag for Tokagjelet skapar debatt.

Sandven hotel har opna det nyrestaurerte Sjøhuset i Norheimsund.

Sushi restauranten Uni Sushi & Izakaya i Norheimsund er veldig populær og får gode kritikkar i media. Viktig og kjekt med mangfold av mattilbod i sentrum.

Det er også mangel på husvære i Kvam, og ekstra utfordrande i sesong.

Kommunen har sett av 50 millionar for å kjøpa seg inn i byggjeprosjekt, med mål å få fart på utbygging.

Eidfjord kommune

Tålegrenseanalyse vert gjennomført no, og Vestlandsforskning har fått oppdraget. Den vert eit kunnskapsgrunnlag for ein besøksforvaltningsplan. Må forankrast i plansystemet, slik at ein kan verte operativ? Uten forankring får det ikkje verknad.

Landstraum er eit veldig stort prosjekt, også økonomisk, men skal byggjast. I denne samanheng kan ein også tilretteleggje for turistbåtruta i framtida.

I Måbødalen er det arbeid for å førebu seg på at Lærdalstunnelen vert stengt.

Prosjektet "Omrusting i reiselivet" arbeider no blandt anna med å etablera ein naturguideskule Bustad er også i Eidfjord den store utfordringa, både for sesongtilsette og heilårsbuande.

Ulvik herad

Besøksforvaltningsprosjektet er dei med på, saman med Kvam og Eidfjord

Nytt samarbeidsprosjekt med VLK, der Ulvik herad er plukka ut som 1 av 7 kommunar.

(Kort presentasjon ligg ved referatet)

Omrustingprosjektet Eidfjord Ulvik går sin gang.

Bustad er same utfordring i Ulvik som for dei andre kommunane.

God aktivitet i Ulvik på næring.

Reiselivet melder om forventningar til ein sesong med auke.

5. Innmeldte saker

Det vert valg av ny leiar for 2025-2026 på siste møte i TH i 2024

Referent Trude Rinaldo